



proESS AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Oppstartsmelding - Lindås - 172/10 og 16 mfl - Nilshøyen - endring av detaljreguleringsplan - forenkla prosess

Vi viser til brev datert 04.06.2019. Saka gjeld mindre endring av reguleringsplan Nilshøyen, gnr. 172 Bnr. 10 og 16 mfl. i Lindås kommune.

Formålet med endringane er å foreta mindre justeringar i plankartet ved fjerne byggegrenser, samt å foreta justeringar i nokon av føresegnene.

Fylkesmannen si vurdering er at dei fleste endringane er kurante, men vi stiller spørsmål ved endring av føresegn 2.9.1. Her endrast prosent bustader som skal vere universelt utforma frå 50 % til 20 %. Vi kan ikkje sjå at dette valet er grunngjeve og meiner at det ikkje utan vidare er ei kurant endring. Vi viser til plan- og bygningslova § 1-1 siste ledd: «*Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak*».

Vi vil også gjere merksam på at planen må ha byggegrense mot sjø, der det er byggjeformål nærare sjø enn 100 meter jf. plan og bygningslova § 1-8 tredje ledd.

Med helsing

Åse Vaag  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

